



Jan Mittet
Ievegen 186
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1022 - 14/4665

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
27.03.2014

Vedk. søknad om dispensasjon

Det vert vist til Dykkar brev av 25.3.2014 med førespurnad om status for Dykkar søknad om dispensasjon tilknytt planlagt brukssendring av naust til bustadføremål på gbnr. 49/15 i Meland kommune.

Kommuneadministrasjonen seier seg lei for sein tilbakemelding grunna stor saksmengde.

Dykkar søknad vart ved brev av 26.2.2014 sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for eventuell uttale, jf. reglane om obligatorisk høyring i Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-1. Det er innan fastsett frist for uttale (26.3.2014) ikkje motteke merknadar frå desse høyringsinstansane.

I tillegg har Meland kommune si kulturavdeling og Museumssenteret i Hordaland bedt om å få søknaden oversendt for vurdering i høve til deira respektive saksområde. Kommunen har dertil sett frist til 16.4.2014 for eventuell uttale frå faginstansane, jf. igjen pbl. § 19-1. Etter utgangen av nemnde frist vil administrasjonen skrive eit framlegg i saka til kommunen sitt politiske utval for drift og utvikling (UDU). De kan dermed pårekne at saka vert teke opp til avgjerd ved neste møte i UDU, som vert halde 6.5.2014.

Kommuneadministrasjonen har ingen plikt til å handsame eller avgjere søknadar om dispensasjon innan ein bestemt frist, jf. pbl. § 21-7. Administrasjonen seier seg like fullt lei for at De ikkje har vore orientert om pårekneleg sakshandsamingstid på eit tidlegare tidspunkt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jan Mittet

levegen 186

5917

ROSSLAND